

Månadsbrev mai 2019



I april sjekka 4. klasse kyrkja, og dei fleste elevane sjekka òg utsikta frå klokketårnet i Kvævemoen kapell. Underteikna vart skremd ut på møte medan alle dei andre på skulen gjekk til Finnstøl og ungdomsskulen og mange i 5. og 6. klasse gjekk til Grubbå. Det vart ein fin dag, men med noko hardt føre og bratte bakkar i starten. Alle klassestyrarar har gjennomført elevsamtalar og foreldrekonferansar, og 4. og 5. klasse har sagt kva dei meiner om firedagars skuleveke. Dessverre er ikkje foreldra i Sirdal plukka ut til å ytra seg, og dette og manglande demokratisk prosess har leiaren i FAU reagert på i brev til administrasjonen i Sirdal kommune. 1. og 2. klasse har hatt ein god Zippy-time på kyrkjegarden på Kvæven, og skal ha avslutningsfest 7. juni.

Mai byrjar og sluttar som kjent med fri, dvs. arbeidarane sin dag og Kristi himmelfartsdag, med ei nasjonaldagsfeiring midt i, og det skjer mykje dei dagane det er skule òg. 3. mai skal 1.-6. klasse til Tonstad og sjå "Den lille prinsen" frå morgonen av, og 8. mai skal 5.-6. klasse læra om vikingar, begge delar i samband med **den kulturelle skulesekken**. Innimellom der, dvs. 6. mai, er det **morgonsamling** ved mellomtrinnet, og 9. mai vert det **markering av motstandkampens dag** ved minnestøtta på Tonstad for ungdomstrinnet. 21. mai er det **vitendag** på Tonstad skule for ungdomstrinnet, og 23. mai er det **møte i SMU og SU**.

Sosialt mål for mai er å vera høfleg og bidra til eit godt klasse- og læringsmiljø. Det kan vera både å kunna seia takk, tora å spørja om hjelp, tora å bidra med faglege innspel, tankar og meiningar i klassen, halda seg til klassereglane, interessera seg for og rosa andre og å kjenna sine eigne sterke og mindre sterke sider.

7. mai er underteikna i Oslo på arbeidsmøte i ASP-nett og 10. mai på Hidra på småskulenettverk. Terje skal ha eksamen i veke 21 og Gunn Iren veka etter. Lemminga starta for mange i påska, og elevane som har Wenche og Anders, har hatt/kjem til å ha vikarar i kortare eller lengre periodar framover.

Om de har reagert på at **neste års skulerute** har blitt lagt ut ein gong til, er det fordi det er endra på fridagar/planleggingsdagar, i forståing med FAU, pga. kurs for skule, barnehage og helse 18. oktober. Dermed vert det ingen fridagar i november, men ein dag lengre påskeferie for elevane. Onsdagsskulen blir som nå, bortsett frå at 13. november er flytta til 16. oktober.

I år fyller FNs barnekonvensjon 30 år! I samband med det vil UNICEF finna ut kva norske skuleelevar "vet og tenker om FNs barnekonvensjon og barns rettigheter" For 10 år sidan gjorde dei det same i Norden, og nær halvparten av dei norske elevane visste lite eller ingenting om eigne rettar. Sidan Sinnes er ein ASP-nett-skule, brukar 8.-9. klasse 15-20 minutt på dette i ein samfunnsfagtime i veke 18-20.

Sinnes 30.04.19, Åse-Berit (rektor)